

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Fylkesrådmannen har oversendt spørsmålet til Statens vegvesen og Skyss som svarar i epostar av 29.08.2019:

Haldeplassane i gjeldande reguleringsplan, godkjent i 1974, er truleg ikkje bygd grunna høge kostnader (haldeplassane er plassert inn i terreng der det vil krevja høge skjeringar og fyllingar, i tillegg til at ein må inn på privat grunn). Krav til stoppsikt på det regulerte kryssingspunktet og haldeplassen for nordgåande buss vil heller ikkje vera ivaretatt i den regulerte løysinga.

Kantstoppen for nordgåande buss det vert vist til i avisa vil Statens vegvesen tilrå vert avvikla, grunngjeving for dette er at det her er manglande stoppsikt til kryssingspunktet. Det er ikkje mogleg å etablera perrong og heller ikkje venteskur her, både fordi det er på privat grunn og fordi det vil stengja sikt i avkøyrsla til eigedomen. Det vert skilta kantstopp for sørgåande buss her(på andre sida av vegen), grunngjeving for dette er at her vert passasjerar henta- og satt av på gang- og sykkelveg.

300 meter lengre sør(retning Valen), er det to haldeplassar. Haldeplass for nordgåande buss (retning Husnes) har venteskur, haldeplass for sørgåande buss er vanleg haldeplass. Passasjerar som kjem frå Porsvik har om lag 650 meter å gå frå krysset i Porsvik til desse to haldeplassane. Heile strekninga her har samanhengande gang- og sykkelveg med vegljøs. Desse to haldeplassane vil, etter Statens vegvesen sitt syn, vera dei tryggast og beste å nytta for desse elevane.

Skyss svarar at stoppen har vore betjent kontinuerleg sjølv om det ikkje har vore skilta med busstoppskilt på staden.»